

Spørsmål til spørjetimen 21.09.17

Spørsmål frå Arild Tveranger

Det er mange skuleborn på Ystebørenen som går Trævegen til Austebygd skule, og både born og bygdefolk elles brukar vegen som turveg om kvelden. Veien er no asfaltert, og bra er det. Men lyset manglar.

Det er minst 2 år sidan dette har vore oppe rundt trafikksikringstiltak på Radøy. Var og oppe i fjor haust.

Stort sett alle dei andre lysa langs Trævegen er det bygdefolket på Sletta som har kosta då borna gjekk på Austebygd skule for 30 år sidan. No er mange nye born komne til på Ystebørenen og vegstrekka bør etter kvart verte opplyst. Også sjøbrekka fra Sletta kai til Mellingen som borna brukar når dei skal til Samfunnshuset.

Borna frå Valdernesnes og Nordanger har skuleskyss, men borna på Ystebørenen har det ikkje. Vegen både Valdernesnes (Skjelvik) og Nordanger er flomlyst mens store delar av Trævegen er mørklagd!

Kan Radøy Kommune gjere ein innsats for Austebygd sine born også?

SVAR:

Trafikksikker skuleveg er viktig, og veglys kan vere tiltak som aukar trafiktryggleiken langs skuleveg. Det vert kvart år sett av ein fast sum i budsjettet som kan gå til veglys på skuleveg, jf. Trafikksikringsplanen. I planen heiter det at det er fokus på å tette hol på strekningar der det manglar lys for å få ei kontinuerlig linje.

Det er henta inn pris frå BKK på arbeidet, men ettersom vegstrekningen ikkje har vore prioritert i Trafikksikringsplanen si handlingsdel, er det førebels ikkje iverksett.

Handlingsplanen i trafikksikringsplanen er planlagt revidert i løpet av 2018.
